

FN sin barnekonvensjon

Artikkel 18 punkt 1 (kortform):

Begge foreldra har eit hovudansvar for omsorga og utviklinga til barnet etter kva som er best for barnet. Staten skal gi støtte og sikre utvikling av institusjonar, tenester og tiltak for å gje barn omsorg, medrekna omsyn til utearbeidande foreldre.

«Å stille opp
for Emma.»

Refleksjonsspørsmål:

DEL 3 Det vi er saman
om - det felles tredje



- Kvifor trur du at barnehagen lykkast med å etablere eit samarbeid med foreldra til Emma?
- Snakk saman om følgjande beskriving i forteljinga: «Mor sat stolt saman med dei andre foreldra, rett nok litt i utkanten, slik at ho lett kunne gå ut om ho trengde det.»
- Tilsette i barnehagen kan vere heilt avgjerande for barn sin livskvalitet og livsmeistring. Reflekter over kva betydning du som omsorgsperson har for dei barna du er saman med kvar dag?
- Er det eventuelt nokon barn du tenker du har ei heilt spesiell betydning for?